

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 Lindås

Våge, 19.02.2017

Advokat Harris
v/Ingrid Årskog Storevik
Dreggsalm. 10/12
Sandviken, Bergen

INNLEIING OG BAKGRUNN - Moment som må leggjast til grunn ved ny avtale

Først ei kort forklaring på min skepsis til Eikevik sin vilje til å opptre korrekt og rettferdig overfor meg som nabo:

Utan forvarsel flytta han grenselinjene og starta med å grave vekk matjord frå min hage. I eit seinare brev til Lindås Kommune skulda han Lindås kommune for å ha tatt frå han 2,4 mål. Det kommunen **hadde** gjort var å gå opp grensa, der gamle merke (kross i berg og merkestein m. vitne) synte at grensa skulle gå. Eikevik har hatt god tid til å be om orsaking for sitt overgrep, men han har gjort det motsette, han føler seg foruretta og forulempa av meg og kommunen. Dette er skremmande.

Det er denne naboen eg må forhalde meg til i framtida, og eg må vere trygg på at det ikkje er rom for hans frie tolkingar om kva han kan foreta seg på min eigedom. Skepsisen til Eikevik er ikkje mindre når han indignert står fram i aviser som foruretta av Bergen kommune, sjølv om det er **han** som har bygd ulovleg utover grensa si og over på kommunen sitt land.

Det som er klart er at 99/4 har vegrett over 99/1, jfr. skøyte.

Det er også naturleg at 99/4 eig det veglegemet som dei sjølve har opparbeidd eller opparbeider.

Til i dag har 99/1 opparbeid **heile** veglegemet og hatt heile vedlikehaldet av dette, difor er det i si heilheit 99/1 som pr i dag åleine er eigar av eksisterande veglegeme.

Når det gjeld Fana Agro sitt innspel til kostnadsoverslag må ein sjå vekk frå dette, som ber preg av å vere kraftig overdimensjonert med manglande objektivitet.

99/4 vil no spare store anleggsutgifter til veg, gjennom å anlegge denne nye , og - i forhold til tidlegare nordre trasé - vesentleg kortare stikkvegen fram til tun. Ved at 99/4 heller ikkje må betale seg inn i eksisterande veg frå Lindåsvegen fram til stikkveg, er det rimeleg at 99/4 sjølv ber kostnader ved tinglysing av avtalen.

AVTALE OM VEG

1. Innleiing

Denne avtalen gjeld mellom gnr. 99 bnr. 4 i Lindås kommune (Judith Eikevik) og gnr.99 bnr. 1 (Elin T. Holmås Fanebust). Rettar og plikter i avtalen føl eigedomane.

2. Vegrett

Vegretten til bnr. 4 over bnr. 1 er samanfallande med tidlegare avtale frå 1906, no med tillegg og spesifiseringar i hverande tilleggs-avtale. Bnr. 99/4 sin vegrett gjeld **ein** rettighetshavar og **eitt** bruksnr.

3. Om eksisterande veglegeme

Det er 99/1 som til i dag har opparbeidd det totale veglegemet og hatt heile vedlikehaldet av dette, det er såleis 99/1 som pr i dag åleine er eigar av eksisterande veglegeme.

4. Ny stikkveg til bnr. 4

I samband med oppføring av ny einebustad og driftbygning på bnr. 4, får bnr. 4 rett men ikkje plikt til å etablere ny stikkveg frå eksisterande veg. Trasé for ny stikkveg er skissert i kartbilag. Ny stikkveg skal ha ei breidde på 4 meter (inkl. skuldrar), og maks. stigning på 10%.

Bnr. 4 får bruksrett til den delen av stikkvegen som ligg på bruk nr. 1. Bnr. 4 vert eigar av den delen av veglegemet som dei sjølv kostar. Kostnader og eigarforhold vedr. ny stikkveg vert definert slik:

Første halvdel av ny stikkveg (frå P0 til P45 i kartbilaget) vert opparbeidd av bnr. 1, med bnr. 1 som eigar av veglegemet. Resterande del av stikkveg (P45 til P90) vert opparbeidd av bnr. 4, som dermed vert eigar av denne delen av veglegemet.

Bnr. 4 skal framleis ha vegrett frå Lindåsvegen og opp til ny stikkveg i eksisterande trasé. Bnr. 4 sin vegrett av 1906 frå stikkveg og vidare nord på bnr. 1 fell bort. Det same gjer bnr. 1 sin vegrett til kvernhus over bnr. 4.

5. Vedlikehald av veg

Frå Lindåsvegen fram til ny stikkveg påkviler det bnr. 4 ein tredjepart av vedlikehaldet. For **ny** stikkveg til 99/4 har 99/4 heile ansvaret for vedlikehald. Bnr 1 har rett til å ferdast på denne vegen, og har ansvar for å utbetre ev. skader som måtte oppstå i samband med dette.

Eksisterande trasé frå Lindåsvegen fram til 99/1 har håndtert 18 m vogntog, det er difor ikkje trong for utbetring av dette veglegemet.

Mandatet til å forhandle med Statens Vegvesen ligg på 99/1.

6. Bortfall av planlagt veg gjennom gamletunet

Planlagt veg gjennom gamletunet til ny driftsbygning på bnr. 4 fell bort, og vert erstatta med veg på sørsida av gamleløa på bnr.4. Bnr. 4 vil i størst muleg grad søkje å ivareta kulturlandskapet i gamletunet, sidan opprinneleg tun er så tett vevd saman med 99/1 sitt tun (ca 10 m avstand mellom husa) at det i vesentleg grad utgjer kulturlandskapet også for dette tunet, og det er dei to tuna saman som utgjer det kulturhistoriske Våge.

7. Vedr. klage på rammeløyve

Elin Fanebust trekkjer klage på rammeløyve for oppføring av bustad på bnr.4 av 23.11.2016 innan 2 dagar etter at denne avtalen er signert av begge partar.

Dato, stad

Elin T. H. Fanebust (eigar av gnr 99 bnr 1)

Dato, stad

Judith Eikevik (eigar av gnr 99 bnr 4)